

# Årsmelding badmintongruppa i Dale IL 2013

**Medlemmar 2013:** Faste vaksne spelarar i gruppa:  
Lee Franklin  
Arild Eriksen  
Arild Skår  
Sjur Haugen  
Erik Dale  
Bjarte Fossen  
Hilde Genberg  
Werner Garre  
Alexandre Bau  
Knut Arne Kummeneje

I tillegg kjem 10 ungdommar (15-18 år) frå UWC i lag med lærar Peter Wilson kvar onsdag. Det har også vore mange lokale ungdommar innom på treningane, men ingen har vore jamleg på trening over lang tid. Nokre gongar har det t.d. ikkje vore nok folk til å gjennomføre ei skikkeleg volleyballtrening, og då har badminton vore ein alternativ aktivitet for volleyballspelarar.

## Trening

Vi har som vanleg hatt trening kl. 20.00-22.00 i 2/3 av hallen måndag og onsdag, medan siste 3-delen av hallen har vore reservert for volleyball. Bjarte og Hilde har veksla på å vere ansvarlege. Nye spelarar får låne rackert og ball i starten, og alle som ønsker får litt instruksjon, men det er stort sett vore fritt spel på treningane, altså ikkje organisert instruksjon fram mot lagspel eller andre konkurransar. Vi sørger for at alle som kjem har nokon å spele i lag med. Fleire medlemmar er med på å instruere meir uerfarne spelarar, utan at dette er fast organisert.

## Deltaking

Vi hadde jamt over bra deltaking på treningane. Det kom ein del nye spelarar på hausten, men ettersom hallen vart stengt på grunn av golvlegging, har vi ikkje talt dei med i manntalet. Mellom påske og sommarferien er det færre folk på trening, men vi er ei kjerne som held fram med å spele til skuleslutt i juni.

UWC har heldt fram med å komme med ein vaksen og ca 10 ungdommar mellom 15-18 år på onsdagane. Vi har dermed vore opptil 25 stk. Heldigvis har UWC komme med sine deltakarar klokka 21.00, medan mange av dei andre spelarane har gitt seg etter å ha trena frå klokka 20.00-21.00. Dermed har det ikkje vore lenge å vente for å få plass til å spele.

Framleis er badmintontreninga i Dale mest av alt eit lågterskeltilbod, noko som vi meiner er viktig for folkehelsa, spesielt for dei som ikkje driver med annan aktivitet/trening. Ei utfordring er at vi ikkje har hatt noko tilbod til dei som ønsker å satse på konkurransar. Etter kvart har vi nokre vaksne som held eit godt nivå, men vi har ikkje kapasitet til å trene eit lag eller einskildpersonar fram mot konkurransar.

## Styrearbeid

Ingen har delteke på kurs, turnering, serie eller representert badmintongruppa ved andre høve. På lang sikt håpar vi å få fleire inn i styre og til trenaransvar, slik at vi kan delta på turneringar og gi et tilbod til dei som ønskjer å bli betre som spelar eller trenar.

Elles vil vi legge til at det nye golvet fungerer godt for badmintonspel, både med tanke på material og fargar.

Referentar

Bjarte Fossen og Hilde Genberg